

Notat

Frå: Næringsavdelinga v/Lena Merete Söderholm

Til: Hovudutval for plan og næring

Kort om torskeoppdrett - orientering til HPN i møte 27. mai 2014

Notatet er ei kort oppsummering av ståstaden for torskeoppdrettsnæringa i dag, og viser at eit vidare tett samarbeide mellom private og offentlege aktørar er naudsynt for å sikre at næringa kan ta skrittet over i ein kommersiell fase.

Innovasjon Norge har handsama eit notat om situasjonen for torskeoppdrett i sitt styre den 30.04.14. Vedtaket er referert i saka. IN sitt notat er vedlegg til dette informasjonsskrivet.

Bakgrunn for notatet

Torskeoppdrettsnæringa i Sogn og Fjordane har teke kontakt med fylkeskommunen grunna det dei ser som dårlege vilkår for vidare utvikling. Det vert bede om generell stønad i tida framover til relevante prosjekt.

Det har vore god dialog mellom næringa og Næringsavdelinga der torskeoppdrettsnæringa har orientert om sin status, siste skriftleg kontakt i form av e-post datert 30.04.14. Verdikjeda på oppdrettstorsk hadde i april eit møte med statssekretær Amund Drønen Ringdal i Nærings- og fiskeri-departementet, og ber om at også fylkeskommunen og Innovasjon Norge opprettar kontakt med departementet med sikte på å berge den attverande verdikjeda på oppdrettstorsk.

Torskeoppdrett er også omtala i høyringsutkastet til Verdiskapingsplanen under «Politiske utfordringar» der det vert peika på behovet for å ta vare på den kompetansen som er bygd opp.

Gjennom «Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar» har oppdrett av torsk vore ei av satsingane det har vore jobba med på Vestlandet. Ei arbeidsgruppe engasjerte Leiv Grønnevet (SINTEF MRB) som i februar 2010 utarbeidde ein rapport om vegen framover for næringa.

Kort historisk om torskenæringa

Den store satsinga i byrjinga på 2000-talet for å få fram torskeoppdrett som ei ny næring, kuliminerte med låge prisar grunna stort fiske etter torsk, finanskrisa, problem


med sjukdom, rømming, tidleg kjønnsmodning og lang produksjonstid for oppdrettstorsk i starten av det nye tiåret.

Vestlandet var hovudsetet for utvikling av torskeoppdrett, og særleg Flora-regionen har vore, og er, sentral i nasjonal samanheng. Vi har i fylket ei komplett næringsklynge med salsledd, stam-fiskproduksjon (avlslarbeide), settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, torskeslakteri og Ewos som produserer for til torsk.

Det var tidlegare ei rekke selskap innan verdikjeda av oppdrettstorsk, men no etter kollapsen er det berre tre matfiskselskap att i landet. To av desse er her i fylket (Gulen Marine Farm AS og Seamatech AS), samt eitt selskap som er lokalisert til Rogaland (Vest Marin Produksjon AS). Havlandet Marin Yngel i Florø har stamfisk og driv med yngelproduksjon. I tillegg finst det ei slaktelinje for torsk i Kalvåg (Brødrene Larsen Eftf. AS).

Kva er nytt?

Prisnivået på torsk ser ut til å ha stabilisert seg på eit høgare nivå enn tidlegare år, og produksjonstida for torsk er mykje kortare enn for få år sidan. Dette betyr at kostandane pr. kilo produsert vare er lågare enn tidlegare. Havlandet Marin Yngel (HMY) meiner at produksjonstid til 3,5 kg torsk no er på 13 månader i sjø og at produksjonskostnaden er stipulert til kr. 18/kg (rund v/not). Tilveksten på torsken er såleis forbetra med 120 % på 10 år. Fórfaktor er redusert (dvs. oppdrettstorsken utnyttar foret betre til tilvekst) og yngelkvaliteten er generelt mykje betre enn tidlegare (m.a. er deformalitet hjå yngel ikkje lenger rekna som eit problem). Dette betyr at produksjonskostnadane er redusert med om lag 15 kr/kg (rund vekt) basert på avl. Seamatech melder om salspriser haust/vinter 2013 frå 29 kr/ kg (rund m/hovud), og høgare pris på fisk utan hovud (eks. filet u/skinn og bein til 60-80 kr/kg). Ein må ta høgde for at prisene kan variere gjennom året og også frå år til år. Det er likevel priser ein ikkje var i nærleiken av for berre få år tilbake.



Figur A: Vekstdata frå utsett av tre generasjonar torsk (F0 = foreldregenerasjonen (villfisk)), F1 er første generasjon avla torsk, F2 er 2. generasjon avl torsk)¹

HMY har gjennom mange år lagt ned eit omfattande og kostbart arbeid i å avle fram ein torsk med god kvalitet og god vekst. Som einaste private aktør att med kompetanse på å produsere torskeyngel i Noreg, er dei ein sær viktig aktør for verdikjeda. Det er viktig både i nasjonal og internasjonal samanheng at det vert teke eit ansvar for å sikre at både kunnskapen og stamfisken vert teke vare på. HMY starta hausten 2013 ein

¹ Figur er henta frå HMY sin presentasjon til statssekretær i Nærings- og fiskeridepartementet i april 2014

marknadstilpassa produksjon av 5. generasjons oppdrettstorsk. I 2012 produserte selskapet vel 10 millionar yngel, noko som viser at selskapet har lykkast i å industrialisere yngelproduksjon av torsk. I tillegg til HMY driv NOFIMA i Tromsø med avlsarbeid og har ansvaret for det nasjonale torskeavlsprogrammet. NOFIMA har det faglege ansvaret for utviklinga av genetikken på Havlandet si oppdrettsstamme. NOFIMA bidreg såleis med kunnskap inn i HMY sitt avlsarbeid.

Dei seinare åra har yngelproduksjonen vore stabil utan større utfordringar, men i biologiske syklusar kan ein aldri utelukke at det dukkar opp nye utfordringar.

Vi har altså to miljø som har kunnskap og materiale knytt til avl innan oppdrett av torsk. Desse miljøa er dimensjonert og innretta med eit anna utgangspunkt enn den næringen står overfor i dag.

Utfordringar

Fylket treng torskeoppdrett som eitt av fleire «marine bein» å stå på

Sogn og Fjordane har eit totalt sjøareal på 3.700 km² rekna ut til grunnlinja. Av dette er det berekna at om lag 1 900 km² er eigna produksjonsareal (Rapport: *Havbrukspotensialet på Vestlandet*²). I overkant av 40 % av fylket sine potensielt eigna produksjonsareal er pålagt store restriksjonar gjennom ordninga med nasjonale laksefjordar. Dette reduserer vår moglegheit for å vidareutvikle visse segment av oppdrett. I Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane er oppdrett peika på som eit vidare satsingsområde. Vi treng difor fleire «oppdrettsbein» å stå på her i fylket.

Det er lagt ned store summer og mykje arbeide frå både offentlege og private aktørar i å få torskeoppdrett dit det er i dag. No står vi overfor ein situasjon der det er så få aktørar att på matfisksida, at yngelprodusenten HMY ikkje veit om dei får seld yngelen dei har brukt så mange år på å forske fram. Om nasjonen Norge ikkje skal risikere å miste det som er bygd opp av kompetanse innan verdikjeda på torskeoppdrett gjennom meir enn 10 år, må eit samarbeide mellom private og offentlege aktørar og finansieringsinstitusjonar til for å sikre næringa i det vidare. Det må vidare ligge som ein føresetnad at det offentlege trekker seg tilbake når verdikjeda har vorte meir økonomisk robust.

Matfiskprodusentane treng tilførsel av kapital

Alle dei tre matfiskprodusentane signaliserer at dei treng tilførsel av kapital for å kunne kjøpe yngel for utsett i 2014.

Innovasjon Norge sin policy innan torskeoppdrett er betydeleg innskjerpa og krev at alle saker som gjeld denne næringa skal fremmast for den sentrale kredittkomité i Oslo. Bakgrunnen er at dette er vurdert å vere saker med høg risiko og er erfaringsmessig tufta på eit svakt økonomisk grunnlag. Eventuell medverknad frå Innovasjon Norge skal alltid føresette tung medverknad frå eigarane. Innovasjon Norge skal ikkje ta høgare risiko enn det vi normalt tillet for det aktuelle verkemiddelet. Dette betyr i praksis at Innovasjon Norge vil ha ei svært restriktiv holdning til å delta i nye prosjekt i denne næringa framover. Det vil, for eksempel, ikkje vere aktuelt for Innovasjon Norge å delta i finansiering av nye utsett.

Marknadsføring av oppdrettstorsk som eit unikt produkt

Etterspurnaden om torsk som råstoff er aukande. Det har vore ei utfordring for torskeoppdretts-næringa at dei i liten grad har fått marknadsført seg som eige segment i marknaden. Norges Eksportråd har så langt ikkje gått for å skilje mellom villfanga og oppdretta torsk i sine kampanjar. Dette betyr i praksis at prisene på oppdrettstorsk i sterk grad vert bestemt av tilgjengeleg volum av villfanga fisk på marknaden. Når det vert fiska store kvantum torsk på vinteren, går prisane så sterkt ned at det i slike periodar ikkje er lønsemd i oppdrett.

² Rapport frå KPMG datert 29.06.01

Det blir arbeidd med å få opp ein verdikjede som baserer seg på kvalitetane ved oppdrettstorsk: Jamn leveranse og jamn kvalitet gjennom heile året. Dette arbeidet er avgjerande for at torsk skal lukkast i marknaden. Lerøy er p.t hovudaktør på marknadssida. Dei nemnde attverande aktørane er no i ferd med å gjennomføre ein strategiprosess der målet er å etablere oppdrettstorsk som ei eiga merkevare.

Oppsummering - avsluttande kommunetarar

Det er no eit kritisk tidspunkt for verdikjeda av oppdrettstorsk. Det er få matfiskprodusentar av torsk att, og det er usikkert om desse kan ta imot så store kvanta toskeyngel som HMY er avhengig av å produsere i 2014 for å dekke sine utgifter til vidare drift. Det er trong for meir kapital for å finansiere utsett av yngel i 2014.

Styret i Innovasjon Norge Sogn og Fjordane gjorde følgjande vedtak i sitt møte 30.04.14:

Styret for Innovasjon Norge Sogn og Fjordane har tru på ei videreføring og markedstilpassa verdikjede innan oppdrett av torsk, ved å ta vare på den kompetansen som er bygd opp i Sogn og Fjordane. For å få dette til meiner vi følgjande forhold er viktige:

- *Eit tett og godt samarbeid / koordinering mellom aktørane.*
- *Dei finansielle eigarane, saman med dei personlege / industrielle eigarane, har vilje og evne til å finansiere nye utsett framover. Drifta av dei ulike ledda i verdikjeda må finansierast med privat kapital.*
- *Aktørane må vise vilje til å jobbe markedsretta, herunder bruke ressursar til å utvikle ein strategisk markedsposisjon basert på oppdrettstorsk sine fortrinn. Dette er etter vår vurdering ein viktig føresetnad for å utvikle ei lønnsom verdikjede.*
- *Avlsarbeidet må markedsstilpassast. Innovasjon Norge og Havlandet Marin Yngel vil ta eit initiativ overfor Nærings- og Fiskeridepartementet vedrørande denne saka.*

Fylkeskommunen ser at det er viktig å handle for å sikre at verdikjeda på oppdrettstorsk kan bestå, og hindre at kompetanse og stamfisk utvikla gjennom meir enn 10 års forskning og utvikling går tapt.

Offentlege aktørar må bidra til å sikre verdikjeda for oppdrettstorsk fram til den vert meir økonomisk robust. Fylkeskommunen vil, om naudsynt, bidra med dialog med sentrale styresmakter (både politisk og administrativt) og syner til at verdikjeda innan oppdrettstorsk bør vere ein viktig del av Noreg si marine framtid både som matvareprodusent i Europa og for å utvikle arbeidsplassar på kysten.

Fylkeskommunen vil oppretthalde den gode dialogen med Innovasjon Norge sitt regionkontor med tanke på kva konkrete tiltak som kan settast inn på kort sikt for verdikjeda. I denne samanhengen er det også verdifullt at departementet vert involvert i dialogen.

Vedlegg:

1. Styrenotet om torskeoppdrett Innovasjon Norge Sogn og Fjordane sitt møte 30.04.14
2. Vedtak frå IN sin møteprotokoll 30.04.14